

Møtebok – Lom fjellstyre

TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

Møtedato: 24. oktober 2023	Møtestad: Norsk Fjellsenter
-----------------------------------	------------------------------------

Desse var til stades på møtet:

Faste medlemmer: Erik Frisvold, Svanhild Lyngved, Ellen Olsveen

Varamedlemmer: Jon Sjurgard

Andre: Sekretær Åsmund Galde

Møtet vara frå kl.19.00 til kl. 21.30

Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 30/2023 – 34/2023

Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 30/2023 – 34/2023 er det som vart vedteke.

Utskrifter:

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	30/2023	Arkiv nr.:		Møtedato:	24.10.2023
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

Referat og meldingar..

- A. 230704 Kopi av brev frå Breheimen NP-Delegert vedtak-Høydalen LVO-2023-Dispensasjon-opplag av båt ved Tverrbytnet i Bukkebotten-Eilev Hellekveen
- B. 230706 Kopi av e-post frå statskog-Grunneiers tillatelse til fremføring av strøm til bom ved Tesse-setervegen Hesthagen-Smørli SA-Fjellnett AS
- C. 230710 Svar på e-post frå Leirvassbu Turisthytte-fiskekort til ansatte
- D. 230710 Kopi av e-post frå Statskog-Vedr. avtale om bruk av traktorveg frå Solell til Fossæter-Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- E. 230711 Kopi av e-post frå Statskog-krav om fjerning av strømtråd rundt campingvogn ved Tesse-Vårdalen statsallmenning
- F. 230711 Kopi av e-post frå Statskog-krav om fjerning av strømtråd rundt campingvogn ved Tesse-Vårdalen statsallmenning
- G. 230713 Kopi av e-post frå Statskog-Oppfølging av fjellstyrevedtak-riving av tilbygg på seter, feste 3434/155/1/267-Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- H. 230715 Svar på e-post frå Skjåk kommune-Ang. bomgebyr på Osvegen ved Tesse-Vårdalen statsallmenning
- I. 230717 Brev frå Breheimen nasjonalparkstyre-Avtale om kjøp av teneste-Høydalen landskapsvernområde
- J. 230803 Brev frå Lom kommune-delegert vedtak-dispensasjon frå kommunal forskrift om bandtvang-rypetaksering Lom fjellstyre 2023-Vårdalen, Visdalen, Leir-og Bøverdalen statsallmenning
- K. 230808 Kopi av e-post frå Statskog-Vedr. avtale om bruk av traktorveg frå Solell til Fossæter, i Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- L. 230828 Brev frå nasjonalparkforvaltar i Jotunheimen-skjøtsel Gjendebu-oppsummering slåttedugnad 26.08.2023
- M. 230829 Kopi av e-post frå Jotunheimen nasjonalpark v/nasjonalparkforvaltar-e-post korrespondanse-bru over Storåe-Gjendebu
- N. 230903 e-post frå Jotunheimen hundekjørerlag-Løyperapporrt motorferdsel til oppkøyring av løype frå Kvandalsvoll til Måfå/Vassenden-2022-2023 Leir-og Bøverdalen statsallmenning
- O. 230919 kopi av e-post frå Innlandet politidistrikt FOT-plan og beredskapsseksjon-kjøreordre for redningstjenesten-øving 6-2023 Visdalen, Leir-og Bøverdalen statsallmenning
- P. 230927 e-post frå Innlandet revisjon IKS-Frasigelse av revisjonsoppdrag for fjellstyrer
- Q. 230928 svar på e-post frå statskog-e-post korrespondanse høringssak-byggesøknad feste 3434/155/1/164 Leir-og Bøverdalen statsallmenning
- R. 230928 Kopi av e-post frå NVE-årlig tilbakemelding om transport-NVE`s bremålinger i Jotunheimen 2023
- S. 230929 e-post frå Jotunheimen NP-kopi av brev-vedtak Jotunheimen NP-dispensasjon-motorferdsel 2023-overtaking av traktor for diverse transport i Gjendebu området-Storådalen beitelag
- T. 230929 e-post frå Jotunheimen NP-kopi av brev-Vedtak-Jotunheimen NP-dispensasjon 2023-2024-diverse vedlikehald og omlegging av internveg ved Gjendebu-Gjendebu turisthytte-DNT Oslo og omegn
- U. 231002 e-post frå Jotunheimen NP-kopi av brev-Vedtak med vedlegg-Jotunheimen NP-dispensasjon-motorferdsel 2023-2026-Drift av Gjendebu turisthytte-DNT Oslo og omegn
- V. 231009 e-post frå Jotunheimen NP-kopi av brev-Vedtak-dispensasjon-

Møtebok – Lom fjellstyre

motorferdsel 2023-2024-snøskuter/helikopter-Fjerning av utrangert NVE hytte ved austre Memrubrean-NVE og Lom fjellstyre

W. 231013 e-post frå Jotunheimen NP-kopi av brev-Vedtak-dispensasjon-motorferdselplan 2023-2026-Oppgradering Memurubu kraftverk-Kjetil Sveine-Klepconsult AS

Behandling:

Fjellstyret tek saka til orientering

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	31/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	24.10.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Oppfølging av sak om felleseter for geit i Leirdalen.

Sakspapir:

- Sak 13/2019 i Lom fjellstyre. Leir- og Bøverdalen statsallmenning - Fellesetra for geit i Leirdalen. Oppløysing av laget.
- Sak 33/2019 i Lom fjellstyre. Leir og Bøverdalen statsallmenning - Fellesetra for geit i Leirdalen. Oppløysing av laget og vidare bruk av setra.
- E-post med brev 11. juli 2023 frå Statskog SF. Oppfølging av sak om felleseter for geit i Leirdalen.

Saksutgreiing:

Med brev 11. juli har Statskog SF bede Lom fjellstyre om å ta spørsmålet om felleseterna for geit i Leirdalen opp til ny handsaming:

«Viser til fjellstyrevedtak 33/2019 datert 23.09.2019, der fjellstyret vurderte hva som skulle skje vidare med fellesetra for geit etter at sameiet for fellesetra sa fra seg retten. Fjellstyret behandlet saken etter seterforskriften §§ 12 og 13, der de kom med følgende vedtak:

«Fjellstyret tilrår at Statskog SF gjev ein eller fleire av dei tidlegare medeigarane av fellesetra løyve til å ha seterhuset ståande på eit avgiftsfritt feste, slik seterforskrifta gjev høve til.

Fjellstyret tilrår vidare som vilkår at det vert lagt fram ei skriftleg avtale, der det går fram kven som skal overta seterhuset. Dette bør det setjast frist for skal skje innan den 1. februar 2020.»

I e-post fra sameie for fellesetra, datert 30.01.2020, ba sameiet om utsatt frist til 04.05.2020, til å komme til enighet mellom partene om hvem som skulle inngå erklæring på bebyggelsen.

Statskog kan ikke se å ha mottatt slik avklaring fra partene i fellesetra. Det har gått tre år over fristen som partene selv satte seg. Statskog oversender derfor saken tilbake til Lom fjellstyre, der vi ber fjellstyret om å ta saken opp til ny behandling etter seterforskriftens § 13 fjerde ledd, om fjerning av bebyggelsen.»

Vidare er det i e-post bede om at fjellstyret tek stilling til kva som skal skje med andre installasjonar på tomta, m.a. brua over Leira.

Opplysningar og merknader:

Seterforskriftas §13 fjerde ledd seier at «Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om verken utvising eller løyve er aktuelt. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn»

Vidare er det i rundskriv m-1-2016 «Om forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane –

departementets kommentarar til einssilde føresegner i forskrifta» presisert at det er fjellstyret som avgjer om hus eller anlegg skal fjernast eller ikkje. Når vedtaket er endeleg, har Statskog SF ansvaret for oppfølginga, og avgjerd knytt til dette er ikkje enkeltvedtak og kan såleis ikkje bli klaga over.

Møtebok – Lom fjellstyre

Når det gjeld spørsmålet om andre installasjoner så er det gjerde og brua over Leira som fjellstyret må ta stilling til. Gjerdene har dei siste åra vore av ei slik forfatning at dei har vore til fare for både ville og tamme dyr, beitebrukerar og fjelloppsynet har teke hand om det verste kvar vår, men likevel har det desverre vore fleire episodar med dyr som har sett seg fast. Ingen av gjerda som tilhøyrrer geitsetra har nokon nytte, når setra ikkje lenger er i drift. Brua har heller ikkje vore vedlikehalde og var i særskildt dårleg forfatning fram til turistforeininga på eiga initiativ, utan avklaring frå grunneigar eller andre, stelte den i stand no i somar. Brua er til nytte for almennheita og eigarskapet bør forsøkast overført til turisforeininga.

Saka er sendt kulturarveininga til fråsegn og det har ikkje kome merknader. Saka er varsla på heimesida til fjellstyret, og dei tidlegare medlemmane i laget er varsla på e-post.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret vedtek med heimel i seterforskirfta §13, fjerde ledd, at bygningmassa og gjerder som tilhøyrrer Leirdalen felleseter for geit skal fjernast.

Fristen for å inngå avtale om avgiftsfritt feste gjekk ut for meir enn 3 år sidan. Manglande initiativ, ettersyn- og vedlikehald frå laget for fellesetra synleggjer etter fjellstyret si meining at bruksberettsinteressene og allmennheita elles er best tent med at bygningane blir fjerna og arealet ført attende til allmenningen.

Fjellstyret tilrår at eigarskapet for brua over Leira blir overført til DNT Oslo og omegn.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Leirdalen felleseter for geit v/ Per Tore Berg, Sigurd Welve og Eivin Bosmen
Horten
- Statskog SF

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	32/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	24.10.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Søknad om fornying av hamneleige kontrakt for perioden 2024 – 2033, frå Lom Tamrein AS.

Sakspapir:

- Hamneleigeavtale 2014-2023
- E-post 3. juli frå Lom tamrein AS. Søknad om fornying av hamneleigeavtale
- Diagram – utviklinga i økonomien til Lom tamrein AS
- E-post frå Lom tamrein 27. september. Slaktekostnader.

Saksutgreiing:

Løyve til tamreindrift i statsallmenning utanom reinbeiteområde er regulert av fjellova, § 17, der det heiter:

«Utanom dei reinbeiteområde som er eller vert fastsette i medhald av lov kan tamreindrift i statsallmenning berre føregå etter særskilt løyve frå fjellstyret. Slikt løyve kan gjevast for inntil 10 år om gongen, men berre så langt fram tamreindrift ikkje vil medføre vesentleg skade eller ulempe for bruksrettshavarane og heller ikkje andre omsyn gjer det utilrådeleg.

Fjellstyrevedtak etter paragrafen her må stadfestast av departementet for å være gyldig. Departementet kan vise spørsmålet om tamreindrift vil medføre vesentleg skade eller ulempe for bruksrettshavarane til avgjerd ved skjøn.»

Med e-post 7. juli har Lom Tamreinlag AS v/Kristian Kjæstad søkt om fornying av hamneleige kontrakta mellom tamreinlaget og Lom fjellstyre. I e-posten går det fram at ein i hovudsak søker ei avtale med same vilkår som eksisterande avtale, men at ein ynskjer eit møte for å diskutere fylgjande moment:


- Bruk av drone og helikopter
- Endring i punkt om tvisteløsing
- Fastbeløp som korrigerast på grunnlag av kpi

Representantar frå Lom tamrein AS og fjellstyret gjennomførte eit forhandlingsmøte 16. august. I møtet opna representanane frå fjellstyret for å avtalefeste spørsmålet om rettighetshavars løyve til bruk av drone og helikopter, og for å endre avtaleteksten om misleghald og tvist. Når det gjaldt spørsmålet om fastbeløp fremja tamreinlaget ynskje om at dette skulle gå ut, men etter drøfting vart det semje om at ein held fram med fastpris slik som i gjeldande avtale. Fjellstyret fremja ynskje om ei konkretisering av utrekningsgrunnlaget for *«heilvektsprisen pr. kg. kjøtt levert slakteplass, rekna for siste års slakting»*.

Opplysningar og merknader:

Med bakgrunn i tal frå rekneskapen til Lom tamreinlag er det sett opp eit diagram som syner korleis utviklinga i økonomien har vore innan laget siste åra. Som ein ser har det ikkje skjedd vesentlege endringar i forholdet mellom driftsresultat, utbytte og beiteleige gjennom siste avtaleperiode.

Møtebok – Lom fjellstyre



Når det gjeld spørsmålet om rettighetshavers løyve til bruk av drone og helikopter er dette noko som kan nedfellast i punkt 8. Det bør i tilfelle presiserast at tamreinlaget sjølv er ansvarlege for at det føreligg nødvendig heimel i lov, forskrift eller løyve frå nødvendige forvaltingsorgan for all motorferdsel. I punkt 13. om tredjepart i tvisteløysing blir det foreslege å endre dette frå «sorenskrivaren i nord-gudrbrandsdal» til utenrettsleg mekling ved bruk av sertifisert meklar. Fastbeløpet blir foreslege uendra, men ein endrar beløpet i avtaleteksten frå «56.000 pr. 1.1.2004» til «87.831 pr 1.1. 2023 i tråd med kpi reguleringa som bestemt i gjeldande avtale. Beløpet skal fortsatt kpi-regulerast årleg pr. januar det året leiga blir betalt.

Når det gjeld fråtrekk for slaktekostnader ved oppgjær for beiteleige, blir dette foreslege konkretisert i framlegget til ny avtale. Utrekningsformelen for beiteleiga er basert på «heilvektspris pr. kg. kjøt levert slakteplass». Dette skriv seg frå den tida da nortura stod for slaktinga med m.a. slaktepersonell, avfallshåndtering, nødvendig godkjenning, klassifisering, matilsyn/veterinær, avlaving m.m. I dag er det tamreinlaget som står for alt med slaktinga og kostnadane knytt til denne. Desse utgiftene har tamreinlaget siste åra trekt frå ved utrekning av oppgjær for beiteleiga. Kva utgifter som skal kunne leggest til grunn har ikkje vore spesifisert gjennom beiteleigavtala, eller vore synleggjort i oppgjærsgrunnlaget for beiteleiga. Dette bør konkretiserast i ny avtale. I e-post 27. september, som ligg ved, har tamreinlaget sett opp ei oversikt over kostnader tamreinlaget dei siste åra har dekt sjølve, som dei meiner nortura tidlegare tok kostnaden på ,og bør kome til fråtrekk ved utrekning av «heilvektspris pr. kg. kjøt levert slakteplass». Av kostadane som er lagt fram, er det kanskje utgifter knytt til marknedsføring som skil seg ut og bør vurderast nærmare av fjellstyret.

Behandlinga av saka har vore førehandsvarsla på fjellstyret si heimesida og i fjuken. Etter vedtak skal saka leggest ut til offentleg ettersyn og sendast lanbruks- og matdepartementet for stadfesting før det er gyldig.

Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre stiller seg positive til, og vil medverke til at ein kan halde fram med tamreindrift i Lomsfjella ved å fornye hanneleigekontrakta si med Lom tamrein AS.

Møtebok – Lom fjellstyre

Fjellstyret meiner det er grunnlag for å vidareføre gjeldande avtale med desse endringane (endringar markert med raud skrift):

5. Hamneleiga fylgjer prisen på reinskjøt etter fylgjande forhold: For den reinen som laget har i produksjonsflokk, dvs. talet på rein etter vinterslaktinga, skal den årlege leiga utreknast slik: kr. $(2,1 \times \text{antal dyr} \times \text{heilvektsprisen pr. kg. kjøtt levert slakteplass, rekna etter gjennomsnittspris for siste års slakting}) + \text{eit fast beløp på } 87\,831 \text{ pr. januar } 2023$. Det faste beløpet skal årleg korrigerast basert på kpi for januar det året leiga skal betalast. For oppgjer i 2024 vert altså endring kpi frå januar 2023 til januar 2024 lagt til grunn for utrekninga av det faste beløpet.

Kostnader som er direkte knytt til slakteutøvinga på slakteplassen kjem til fråtrekk ved utrekning av «heilvektspris levert slakteplass». Utgifter knytt til marknadsføring, slakteanlegg/bygningar, inventar- og utstyr, andre faste installasjonar og eigne lønnskostnader skal ikkje reknast med. Kostnadane skal spesifiserast og synleggjerast ved utarbeiding av grunnlag for utrekning av beiteleige.

Leigepreisen gjeld for avtaleperioden. Etter 3 og 6 år kan partane forhandle om ny pris.

Leigesummen skal ukravd betalast med kr. 75.000,- pr. 1.2. kvart år, og resten innan 1.5. kvart år.

8. Tamreinlaget skal ha rett til å reise flyttbare anlegg for merking av kalv på dei stadene der det er naudsynt, men Lom fjellstyre skal varslast på førehand. For reising av hus og andre meir varige anlegg eller bygging av vegar og liknande, må tamreinlaget ha løyve frå Statskog SF. For nødvendige installasjonar og anlegg innanfor grensene for nasjonalparken må tamreinlaget innhente særskilde løyve frå forvaltningsstyresmakta for nasjonalparken.

Dei fast tilsette gjetarane i tamreinlaget skal ha rett til å nytte snøscooter under sitt arbeid med reinen. Dersom det utover dei fast tilsette er behov for å leige ekstra mannskap med snøscooter eller anna motorisert framkomstmiddel, skal fjellstyret varslast i kvart enkelt tilfelle. Tamreinlaget får rettighetshavers løyve til å nytte drone i den daglege drifta, og helikopter i samband med samling og inntak.

Tamreinlaget er ved motorferdsel i utmark ansvarlege for at det føreligg nødvendig heimel i lov, forskrift eller løyve frå nødvendige forvaltingsorgan.

13. I tilfelle misleghald av, eller tvist om forståinga eller tolkinga av avtala, skal tvisten søkjast avgjort gjennom utanrettsleg mekling i ei nemnd med tre medlemmar, der kvar av partane oppnemnar ein representant, og den siste representanten skal være ein sertifisert meklar, godkjent av advokatforeininga.

Behandling:

Jon Sjurgard bad fjellstyret om å vurdere sin habilitet ved behandling av saka, da han har ein andel i tamreinlaget. Det vart synt til vurderingane i sak 2/2023, om fjellstyremedlemmane sin habilitet ved behandling av spørsmål som vedkjem tamreinlaget, og han vart som dei faste medlemmane som har andelar i laget funne habil til å delta i behandlinga av saka.

Vedtak:

Møtebok – Lom fjellstyre

Som forslaget.
Samrøystes.

Saka blir lagt ut til offentlig ettersyn med frist 15. november til å kome med merknader.
Etter at klagefristen er ute, blir saka sendt til departementet for stadfesting, jf. §17 i fjellova.

Utskrift går til:

- Lom Tamrein AS – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	33/2023	Arkiv nr.:	127	Møtedato:	24.10.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Ny revisor

Sakspapir:

- Brev 27. september frå Innlandet Revisjon IKS. Innlandet revisjon frasier seg revisjonsoppdrag for fjellstyrer
- Brev 27. september frå Gudbrandsdal revisjon. Tilbod på revisjon av Lom fjellstyre
- Rundskriv om fjellstyrenes regnskaps- og revisjonsordning

Saksutgreiing:

Med brev 27. september har Innlandet revisjon IKS sagt frå seg revisjonsoppdraget for Lom fjellstyre. Dei opplyser at dei har stått i ein krevande ressursituasjon over fleire år, og vurderer nå at dei ikkje har kapasitet til å handtere heile si revisjonsportefølgje, og at fjellstyret difor må skaffe seg ny revisor.

Opplysninger og merknader:

Fjellstyret er pålagde og nytte kommunal- eller registrert revisor, jf. «rundskriv om fjellstyrenes regnskaps- og revisjonsordning». Revisjonsberretninga skal leggest fram for Statskog SF innan 1. april.

Med bakgrunn i for seint utarbeida revisjonsberetning frå Innlandet revisjon IKS siste to år, har dagleg leiar siste året sondert kring alternative revisorordningar. Fellesfunksjon i regi av fjellstyresambandet har vore spelt inn og diskutert, men det ser ut som dette i tilfelle ligg lenger fram i tid.

Administrasjonen vurderer det som fordelaktig at revisor har revisjonsoppgåver for fleire fjellstyrer og er godt kjent med fjellstyresystemet. Sollia, Ringebu, Øyer og Gausdal fjellstyre har i fleire år nytta Gudbrandsdal revisjon AS og har vore godt tilfredse med dei. Dei har vorte forespurte om ledig kapasitet, og det blir synt svar 27. september med tilbod som ligg vedlagt saka.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret inngår avtale med Gudbrandsdal revisjon AS om revisjon av årsregnskapet for Lom fjellstyret frå og med 2023.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Gudbrandsdal Revisjon – som e-post
- Rekneskapsfører – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	34/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	24.10.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Høyring. Besøksstrategi for verneområda i Breheimen.

Sakspapir:

- Høyringsbrev 6. september frå nasjonalparkstyret i Breheimen -Besøksstrategi for verneområda i Breheimen.

Saksutgreiing:

Breheimen nasjonalparkstyre har med brev 6. september sendt forslag til besøksstrategi for verneområda i Breheimen på høyring med frist for innspel den 24. oktober 2023. Gjennom høyringsrunda ynskjer nasjonalparkstyret innspel frå aktuelle aktørar i og rundt verneområda i Breheimen.

Besøksstrategien for Breheimen er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interesser. Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at ein skal legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane.

I høyringsbrevet er det spesielt bed om innspel kring desse momenta:

- Kapittel 2.2: Reiselivet.
- Kapittel 3: Mål og strategiske grep.
- Kapittel 4: Kommunikasjonsplan.
- Eventuelle faktafeil i strategien.

Opplysningar og merknader.

Fjellstyret skal ivareta bruksrettane, samtidig som ein og legg til rette for lokal verdiskaping, friluftsutøving og naturvern.

Området nord for Bøverdalen og Høydalen er av dei mest urørte areala vi har på statsallmenningane våre. Samanlikna med områda i og ved Jotunheimen er komersiell bruk, tilretteleggingsgrad og ferdsel på eit vesentleg mindre nivå. Det kan vere vi skal famne om dette området slik det er i dag, og vere tydeleg på at ein ikkje ynskjer auka ferdsel, , tilrettelegging og markndadsføring av dette området.

Forslag til vedtak:

Auka satsing, informasjon og opprusting av innfallsportane til nasjonalparken kan ha betydning for dei bruksberettiga i seter- og beiteområda i Bøverdalen og Høydalen.

Beitedyra er viktige for å ivareta kulturlandskapet, og tiltak som blir gjort må ikkje vere til hinder for den tradisjonelle beitebruken. Å ivareta kulturlandskapet er eit viktig delmål i verneområda, og tiltak for å styre ferdselen til eller i nasjonalparken, må ikkje vera konfliktylt i høve til beiteinteressene.

Fjellstyret er skeptiske til at det skal opprettast eit informasjonspunkt ved Jotunheimen fjellstue, ved innfallsvegen til Høydalen og Bøverdalen. Riksveg 55 er ein veg med særst stort trafikkgrunnlag, og eit informasjonspunkt her kan potensielt generere mykje trafikk inn mot Bøverdalen og Høydalen.

Møtebok – Lom fjellstyre

I Dumdalen må besøksstrategien legge til rette for guiding og komersiell aktivitet i grottene. Ved å legge opp til bruk av guide/aktivitetsfirmaer sikrar ein at verneverdiane blir ivareteke, samstundes som ein styrkar den lokale verdiskapninga.

Behandling:

Svanhild Lyngved Solheim bad fjellstyret om å vurdere sin habilitet, da ho er syster til nestleiar i nasjonalparkstyret. Fjellstyret fann ho habil til å delta i behandlinga av saka.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Breheimen nasjonalparkstyre – som e-post